

Kaland Trelast AS
Keilevegen 45
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/19313 - 21/4692

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
21.01.2021

Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 124/29

Tiltak: Endra bruk av eksisterande avkjørsle for fritidsbustad
Byggjestad: Kjeilegavlen – Gbnr 124/29
Tiltakshavar: Oddgun KjelOddgun Keilegavlen Grane
Ansvarleg søkjar: Kanland Trelast AS

Delegertsak nr.: 105/21

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel frå kommunal veg for ny fritidsbustad datert 14.12.2020. Samferdsel, veg, vatn og avløp forvaltning mottok saka 18.01.2021.


Saksutgreiing:

Informasjon om saka:


Det vert søkt om løyve til å nytte eksisterande avkjørsle frå kommunal veg. Fet er opparbeida ei privat veg som, per i dag, vert nytta som tilkomstveg for hytte på gbnr 124/5 og ei einestad på gbnr 124/11. Den nye tilkomstvegen inn til hyttetomta skal nyttast av hovudbruket (Gbnr 124/2) som tilkomstveg til nytt beiteareal.

Vurdering/drøfting:

Kommunal veg endar i gardstunet på Gbnr 124/2 og går over i ei privat veg. På den eine sida er det fleire driftsbygningar og eit bustadhus. På den andre sida står det ei dobbelgarasje. På grunn av garasjen vil det ikkje være mogleg å utbetre sikt i avkjørsla.



Den private vegen deler seg i to ca 35 meter inne i avkjørselsvegen (sjå kart under). Det er mogleg å nytte begge vegene til hyttetomta. Privat veg er tilkomstveg til bustadhus på Gbnr 124/11 og hytte på Gbnr 124/5. Vegen er også tilkomstveg for naust i området. Privat veg vert nytta av hovudbruket som landbruksveg.



Samandrag/konklusjon:

Alver kommune finn det forsvarleg å gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle på gbnr 124/2 på følgjande vilkår.

Vedtak:

Alver kommune gjev, med heimel i Veglova §§40 til 43, løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsel frå kommunal veg for ei fritidsbustad på gbnr 124/29.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av Vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle (minimum 200 mm) og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Det skal ligge føre tinglyst rett til å nytte privat veg.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Oddgun Keilegavlen Grane Neset 9 6985 ATLØY

Mottakarar:

Kaland Trelast AS Keilevegen 45 5953 FONNES